

BOKMESSEDAGEN PÅ ÅL 2013

LAURDAG 23. NOVEMBER 2013 KULTUR Hallingdølen 39

BOKMELDING

Per Gjetar

DETTE ER EI nyutgåve av Olav Sletto si bok med same tittel. Boka er redigert og modernisert språkleg av Eva Almhjell. Ideen om å gi ut ei ei moderne utgåve av Per-bøkene vokser fram i Sletto-selskapet i 2011.

Eva Almhjell hadde lyst til å begynne med boka om gjetleguten, Per, fordi ho sjølv hadde gjett ein del som barn. Det omfattande barnearbeidet som gjettinga var, er eit nesten gløymt kapittel i dag, men da Olav Sletto vokser opp, gjette nesten alle ungane på gardane.

Per Gjetar er skriven frå barneperspektiv. Eg-personen er småguten, Per, som lik forfattaren vokser opp hjå besteforeldra ein stad i øvre Hallingdal. Det daglege selskapet hans var vaksne, sindige eldre menneske, og slike som hadde noko å gjøre på garden.

Den velvaksne budeia, Storedundra, var av ei av dei. Ho kunne vere lunefull, men på botnen var ho hjartans god.

BOKA OPNAR med bufarsdagen. Niåringen Per legg i veg mot stølen i lag med kyr og geiter og sau. Storedundra skal vere budeie, så det blir henne han skal vere i lag med. Goffa kører stølslasset, men må heim om kvelden. Arbeidet ved framkomsten går etter gammal skikk. Det er nesten rituelt.

Per får ein gjetlekamerat, ein aktiv, uroleg kropp, Hølgi frå Søpåstølen. Hølgi er i all si gjerd ulik både Per og dei han har omkring seg. - Tjukt mørkt hår lufsa i vinddraget, tennene og auga lo. Orda kom fort, som låg dei klar innanfor tennene hans.

Per er ikkje akkurat skeptisk, heller litt avventande, til denne eksotiske kroppen som han skal vere i lag med kvar dag utover sommaren. Per har hørt gommo seie, at han sjølv er stillfarande og forsiktig. Men gjetlegutane finn seg vel til rette med kvarandre, og opplever sommareventyret, men og harde uversdagar med snødtorm i fjellet.

Hølgi er ikkje noko englebarn. Han finn moro i å terge budeia. Ho blir sinna, og det likar han. Ein dag prøver han å skremme henne. Eit dramatisk toppunkt i boka er det da Hølgi har lurt seg til å jage storksen Botsvarten, mot stølen til Per. Botsvarten er no olm, og kjem rennande som berre ein rasande okse kan. Framfor han i vieren står Per og Storedundra. Oksen burer og kjem beint imot dei. Per blir livredd. Han får klatra opp på ein stein og skrik til Storedundra at ho må komme seg unna. Hølgi dukkar opp. No er han og redd. Men Storedundra roar det villsinte dyret med å tale mildt og roleg til det. Gutane undrar seg. Budeia har sytt for å få den respekten ho har krav på.



Per Gjetar

Boksmia.
Slettoselskapet.
Redigert ved Eva
Almhjell. Illustrert ved
Anne Mari Gretteberg
Gjerstad.
Biletbok.
Boka høver for vaksne
og born.

EVA ALMHJELL ynskte å få ei barnebok av denne Perboka, og det er absolutt ei barnebok, sjølv om ho høver både vaksne og born. Til høgtlesing er ho framifrå. Det er ei biletbok med sarte akvarellar. Teikningane understrekar handlinga, slik det skal vere i biletbøker. Anne Mari Gretteberg Gjerstad har gjort seg føre med at klesbunaden til personane er tidsrette. Råd har ho fått av Ågot Noss. Språket i boka er fornya, slik at ho er meir lettlesen enn den gamle Sletto-utgåva. Men Eva Almhjell har vore sers vørdsam overfor Sletto sin stil. Det er ingen tvil, det er Olav Sletto, dette.

GUDRUN BØTHUN